



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset, Formannskapssalen
Dato:	11.04.2024
Tid:	10:00 - 12:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar	AP
Rune Kvernenes	Nestleiar	H
Ståle Sagvaag	Medlem	FRP
Bente Spissøy	Medlem	UAVHENGIG
Arne Zahl Røksund	Medlem	SV

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Kjetil Aga Gjøsæter	Kommunedirektør
Morten Helland	Ordførar
Espen Stokke	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Ragnhild Ravna Skjærvik
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 01.02.2024	2023/512	
	Politiske saker		
PS 9/24	Kommunedirektør orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Bømlo kommune	2022/327	
PS 10/24	Når er ein ugild i saker - eksempel frå kommunestyremøte - orientering frå kommunedirektør	2023/482	
PS 11/24	Henvending - Klage på feilaktig teljepraksis i LNF-spreid - ny behandling	2023/496	
PS 12/24	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 13/24	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
PS 14/24	Eventuelt	2023/482	

Godkjenningssaker

GK 3/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 11.04.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 4/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 01.02.2024

Saksprotokoll 11.04.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte protokollen gjeldande sak "PS 2/24 Henvending - Klage på feilaktig teljepraksis i LNF-spreid - orientering frå kommunedirektør", og kontrollutvalet vart ikkje einig om kva som burde vert protokollert. Det kjem ikkje fram at medlem Bente Spissøy skulle undersøkje teljepraksis hjå andre kommunar på oppdrag frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet var einig i at dette vart diskutert.

Det er viktig at kontrollutvalet er tydeleg på dette om det er slik at kontrollutvalet er einig i at eit enkeltmedlem skal undersøka dette på vegne av kontrollutvalet.

Det var ikkje andre merknader til møteprotokoll frå møte 01.02.2024

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 01.02.2024 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 9/24 Kommunedirektør orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektør si orientering om kommunaløkonomisk berekraft i Bømlo kommune til orientering
2. Utvalet ber om ei ny orientering frå kommunedirektør i første kontrollutvalsmøte i 2025, med frist for levering av notat eller alternativt skriftleg tilfang til sekretariatet innan 15.01.2025

Saksprotokoll 11.04.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte slik det kjem fram av vedlegg til saka og det som vart send i epost til utvalsmedlemmane 05.04.2024 (vedlikehaldsplan 2024-2035).

Ordførar fekk og ordet i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektør si orientering om kommunaløkonomisk berekraft i Bømlo kommune til orientering.
2. Utvalet ber om ny orientering frå kommunedirektør i første kontrollutvalsmøte i 2025, med frist for levering av notat eller alternativt skriftleg tilfang til sekretariatet innan 15.01.2025

PS 10/24 Når er ein ugild i saker - eksempel frå kommunestyremøte - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 11.04.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte om praksis i slike saker og viste til notat som var vedlagt saka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til orientering,

PS 11/24 Henvending - Klage på feilaktig teljepsaksis i LNF-spreid - ny behandling

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 11.04.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Medlem Bente Spissøy orienterte om teljepraksis i dei kommunane ho har vert i kontakt med og tilbakemelding frå Statsforvaltaren slik det kjem fram av eposten som vart send til utvalsmedlemmane 09.04.2024. Teljepraksis er ulik i kommunane der to har fråtrekk når ferdigattest føreligg og ein ved innvilga byggjeløyve.

Kontrollutvalet diskuterte saka og vart etter kvart einig i at kontrollutvalet ønskjer å få undersøkt om Bømlo kommune har fulgt teljepraksis på området i henhold til § 7.1.1 (s.9) i gjeldande plan for arealdel kommuneplan (2013-2025). Kontrollutvalet skal i neste møte handsame den endelege bestillinga til Deloitte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen som vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 01.02.2024 til orientering.
2. Kontrollutvalet skal i møte 02.05.2024 handsame den endelege bestillinga frå Deloitte AS gjeldande praktiseringa av § 7.1.1. i arealdel kommuneplan (2023-2025).

PS 12/24 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 11.04.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om dette:

- Bømlo kyrkjelege fellesråd
- Karmsund Havn IKS - endring frå IKS til AS
- Visit Sunnhordland - informasjon om selskap og resertifisering "berekraftige reisemål"
- Sjukefråvær i 2023 var på 7,84%
- Meirforbruk frå 2023 - tiltak er sett i verk, men tar tid før ein får effekt.
- Budsjett 2024 - tiltak som er sett i verk gjer det vanskeleg å halde seg innafør gjeldande budsjetttrammer
- Skatteinngang hittil i år er god og kommunen ligg om lag 3 mill. framfor budsjett
- Målsetting om ny tilsetting av kommunalsjef i løpet av april i år.
- Investeringar - Brannstasjon - Legekantor Svortland - Våge skule - Kjøkken BBH/renovering og ombygging av BBH

- Økonomisk berekraft i Bømlo kommune
- Bømlo Bu- og helsesenter - sterkt press på sengeplassane
- Moster 2024 og Moster amfi
- Eigedomsskatteobjekt - ny allmenn taksering
- KPS (kommuneplanens samfunnsdel) - i desse dager avviklar kommunen møter med grendane i kommunen.

Presentasjonen vart vidaresend til utvalsmedlemmane 17.04.2024.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 13/24 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 11.04.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokollane vart gjennomgått og det kom ikkje fram noko spesielt i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 14/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 11.04.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rutinar for kontrollutvalet og kven som skal uttale seg til media på vegne av utvalet.

I møte 30.11.2023 vart det vedteke rutinar for kontrollutvalet, der det mellom anna kjem fram at det er leiar av utvalet som kan uttale seg på vegne av utvalet.

Utvalseiar vil minne om gjeldande rutinar.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Det er utvalseiar som skal uttale seg til media på vegne av utvalet.